

Årsmelding 2013.

Leiknes Blåseorkester har 18. medlemmer, ein av medlemmene har hatt permisjon dette året.

Dirigent er Olav Kristiansen.

Styeret i 2013 har vore.

Formann Grethe Kålås Økland.

Kasserar Anders Myhr.

Per Heggernes.

Sigmund Hagesæter.

Atle Landro.

Korpset hadde øving i ungdomshuset på Hjelmås våren 2013. Frå oppstart høsten 2013 har me øvd i nye lokaler på Leiknes skule, kjekt å koma tilbake på skulen i fine nye lokaler. Me takkar Hjelmås ungdomslag for lån av ungdomshuset.

Øving har me som før kvar torsdag 19.30-22.00.

3.januar fyrste øving i 2013.

19-20. januar. Øvingshelg på Bruvoll Camping, kjekk helg, litt få som overnatta, men dei som var der koste seg.

Vårkonsert søndag 14. april på Fammestad. Me hadde med oss Lindås Brass og sangkoret Albatross. God lyd i LBO, skjølv om me nesten vart blåst vekk av Lindås Brass. Ein kjekk ettermiddag.

17. mai spelning i 2013. Skuffelse at me ikkje fekk bruke på tilhengar i 17-toget, og sidan masjering ikkje var aktuelt, vart det berre litt spelning på skulen.

Den 30. mai var det klart for årets store hendelse, me reiste til Praha. Turen var godt planlagt og me hadde kjekke dagar, skjølv om det regna og regna og var flom i byen då me reiste heim att. Fyrste konserten på torget Namesti Miru, Praha sentrum, var me heldig, det var nesten sol, og publikum klappa. Siste konserten redda Henning, me fekk spela i eit telt , litt publikum, me vart filma, og humøret på topp. Omvisning i gamlebyen, god mat , nattleg vandring på Karlsbrua. Båtturen vart litt amputert pga. for MYKJE vatn. Kjekk avslutning lørdagskvelden på Kladno, god mat og drikk, fin musikk og folkedans, der alle fekk prøva seg. Alla kom vel heim att og instrumenta dukka opp litt etter litt.

22. august oppstart på høsten, fyrste øving på Leiknes skule.

Hadde planlagt ein høstkonser i oktober, men det vart det dessverre ikkje noko av.

1.desember adventskonsert i Hjelmås kapell i lag med Hjelmås mannskor, kaffi og kaker i kjellaren etterpå. Mykje folk.

4. desember. Speling til lystennin av julegran i Hillesvågen.

19. desember spelte me i Knarvik senter.

Styret takkar for året 2013.